



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Diana Eidem, 5557 2162

Brev sendt per e-post til: [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

## Etterlyser felles avfallsplan for småbåthamner som tiltak mot marin forsøpling

---

**Alle hamner må ha godkjent avfallsplan som viser korleis avfall frå skip som legg til kai blir handtert. Kommunen er gitt ansvar å utarbeide felles avfallsplan for hamner som hovudsakeleg mottek avfall frå fritidsbåtar.**

**Fylkesmannen har ikkje fått felles avfallsplan for småbåthamner i Meland kommune.**

**Kommunen må levere felles avfallsplan så snart som mogleg og seinast innan 1. september 2019.**

---

Vi viser til tidligare brev der vi etterlyser avfallsplan for hamner. Vi har motteke og godkjent felles avfallsplan frå kommunen som omfattar 4 kommunale kaianlegg i Meland kommune, men ikkje felles avfallsplan for småbåthamner

### **Avfall frå båtar er kjelde til marin forsøpling**

Forsøpling til havs er eit aukande nasjonalt og internasjonalt problem. Avfallet kjem frå fleire kjelder, men avfall frå skip og båtar står globalt for omtrent 20 prosent av den marine forsøplinga. Som eit tiltak for å redusere marin forsøpling, er det viktig at båtar leverer avfallet sitt på land og at hamner har tilstrekkeleg mottaksordning for avfall frå båtar som legg til kai.

### **Avfallsplan for hamner er eit verktøy for å redusere marin forsøpling**

Krava til avfallsplanar står i forureiningsforskrifta kapittel 20 om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip. Alle hamner i Noreg fekk krav om å sende avfallsplan til fylkesmannen for godkjenning innan 1. juli 2014, jf. forureiningsforskrifta § 20-6. I tillegg til å lage avfallsplan for hamner kommunen driv eller eig, skal kystkommunar lage felles avfallsplan for hamner som i hovudsak tar imot avfall frå fritidsbåtar (småbåthamner). Planen for småbåthamnene skal lagast i



Samråd med hamneansvarleg for småbåthamnene (driftsansvarleg eller grunneigar). Mottaksordningar for avfallet skal etablerast og drivast i tråd med plan.

### **Rettleiing**

Miljødirektoratet har laga rettleiing og malar, sjå [Miljokommune.no](http://Miljokommune.no).

- Rettleiing til utarbeiding av avfallsplanar i hamner
- Mal for felles avfallsplan for småbåthamner

### **Felles avfallsplan for småbåthamner i Meland kommune må sendast til Fylkesmannen snarast**

Meland kommune har ikkje sendt inn felles avfallsplan for småbåthamner. Meland kommune har plikt til å snarast, og seinast innan **1. september 2019**, sende inn avfallsplan for småbåthamner i kommunen, jf. forureiningsforskrifta § 20-6.

### **Ber om stadfesting på motteke brev innan to veker**

Vi ber om stadfesting på at de har motteke brevet innan to veker, gjerne inkludert informasjon om kontaktperson i kommunen.

### **Har de spørsmål?**

Ta gjerne kontakt på [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no) og merk e-posten med ref. 2019/4978 viss de har spørsmål knytt til krav om avfallsplan.

Med helsing

Astrid Holte  
senioringeniør

Diana Eidem  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*